

# Rutebilhistorisk Forening avd. Sunnmøre

Lyngholmvegen 333  
6057 ELLINGSØY

Org.nr: 989 030 981



Statens vegvesen, Region vest  
Nasjonalt transportløyve  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

## SØKNAD OM FORNYING AV LØYVEFRITAK FOR PASSASJERTRANSPORT MED VETERANE RUTEVOGNER, OG FRITAK FRÅ KRAV OM ALKOLÅS, FRÅ OG MED 20XX

Rutebilhistorisk Forening avd. Sunnmøre vil med dette søkje om fritak frå løyveplikt i samband med passasjertransport utført med våre veterane rutevogner, samt fritak frå krav om alkoholås. Vi viser til vedlegg med data for dei 15 vognene som kjem inn under vår søknad. Av desse er tre rutevogner registrerte på personleg eigar, begge er medlemmer hos oss, og oppdraga dei køyrer vert utført gjennom vår forening. Fullmakter frå eigarane er vedlagt denne søknaden.

### Samarbeid med bransjen

RHF Sunnmøre har i alle år hatt eit nært og godt samarbeid med alle busselskap i regionen, både i rute- og turbussbransjen. Dette er det vår intensjon å halde fram med, og våre køyreoppdrag vert utført når det vert etterspurt eit nostalgisk køyretøy, eller i samband med arrangement der det er naturleg å etterspørre eit teknisk kulturminne som transportmiddel.

### Formål og verksemdsområde

Vårt formål er å ta vare på historikken frå den store floraen av busselskap som fantes i vår region. Dette gjer vi gjennom å sikre historiske opplysningar og dokumentasjon, utarbeide biletarkiv frå dei ulike selskapa - og å bevare bussar av ulike typer/tidsepoker frå dei forskjellige busselskapa er sjølsagt ein avgjerande del av arbeidet vårt. Vårt arbeid er kulturminnevern, ikkje turbilselskap. Men eit teknisk kulturminne tek ein best vare på gjennom forsiktig bruk, og såleis passar det å utføre nokre turar med vognene for å oppnå vårt mål som er lokalt teknisk kulturminnevern!

### Tal på turoppdrag

Våre årlege tal på oppdrag varierer ein del, men mellom 10 og maks. 20 oppdrag pr. år er eit realistisk tal. Grunnen til at vi trass eit lågt tal på turar søkjer om løyvefritak for alle våre vogner, er at av og til vert ein bestemt buss ønskt til oppdraget, gjerne ut frå geografisk, lokalhistorisk tilknytning ved eit arrangement eller nostalgisk transportoppdrag.

For dei eldste av våre vogner vil det vere svært sjeldan ein utfører passasjertransport, men også desse vognene er i forsvarleg og godkjend teknisk stand med alle forsikringar på plass, så vi ønskjer å ha moglegheita til å kunne ta desse vognene i bruk på godkjend måte også løyvemessig.

### Sjåførar

Dei fleste av våre medlemmar er tilknytte bussbransjen, og dei som vert brukte som sjåførar på turoppdrag er gjerne yrkesaktive sjåførar med lang erfaring. Vi vil alltid nytte oss av medlemmar som har dei naudsynte offentlege godkjenningar til å utføre passasjertransport med våre vogner.

Finansiering av vedlikehald og bruk av våre veterane rutevogner

Drift av våre veterane rutevogner vert finansiert av m.a:

- Grasrotandelen frå Norsk Tipping
- Flaskepant frå nokre av våre medlemars stasjoneringstader
- Sponsormidlar
- Dugnadskapital og spleiselag frå våre medlemar
- 3-årig driftstilskot frå Møre og Romsdal Fylkeskommune

Vedlagt vognliste over køyretøy ein søker løyvefritak for, politiattest for vår ansvarlege søker, samt fullmakter frå private vogneigarar.

Ålesund, xx.xx.xx

Med beste helsing  
for Rutebilhistorisk Forening avd. Sunnmøre

NN  
ansvarleg søker RHF Sunnmøre

Vedlegg:

- Vognliste for omsøkte køyretøy
- Politiattest ansv. søker NN
- **Fullmakter frå 2 private vogneigarar**